

DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker

Møtedato: 17.03.2016

Møtetid: kl. 18:30

Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Regine Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Andreas Sagstad Berg, Brigt Roar Skeie, Andreas Westermoen, Per Audun Heskestad, Torbjørn Aamli.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

Meldt forfall:

Bent Gunnar Næss.

Innkalling, saksliste og sist møtebok:

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 25.02.16 vart godkjent.

Meldingssaker:

Sak 000042 Skilting ved kyrkja i samarbeid med kommunen

Regine S. Berg orienterte.

Sak 000043 Samtale med forhandlingsutvalet om evt ny kommunestruktur.

Ordførar Øyvind Oddekalv og varaordførar Nils Marton Aadland var tilstades ved byrjinga av møtet. Det vart orientert om prosessen med mogleg ny kommunestruktur i Nordhordland og ein samtale rundt kyrkja si stilling i prosessen og etter vedtaket eventuelt vert gjort.

Sak 000044 Innsamling til konsertpiano

Musikkutvalet har planar om ein pianokonsert for å samle inn pengar. Det er også ønskeleg med ei kronerulling

Sak 000045 Mogleg ny utvalsstruktur for planarbeidet.

Kan strategiutvalet og økonomiutvalet bli ei utviding av AU i stadenfor eigne utval. Modellen vart kort drøfta og saka kjem opp att i seinare møte.

Ny meldingssak i møtet:

Diverse info frå kyrkjeverja:

- Ei av søylene i kyrkja har ein bøy. Usikker på kor lenge det har vore slik. Vaktmeistertenesta i kommunen vil måle om det er endringar regelmessig framover
- Prosesjonskrossen har fått ein liten skade. Truls Corneliusen vil utbetre skaden
- Den eine altarlysestaken har knekt på midten for andre gong. Staken er sendt til reparasjon hjå ein gjørtlar.

Sak 007/16 Utviding av konsulentstillinga

Forslag til vedtak:

Soknerådet går inn for at konsulentstillinga vert utvida til 80% stilling snarast råd. Stillinga vert finansiert av rekneskapsfunksjon 043 Kyrkjegard.

DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebehandling:

Nytt endra framlegg til vedtak i møtet:

Soknerådet vedtek at konsulentstillinga vert utvida til 80% stilling snarast råd. Stillinga vert finansiert av rekneskapsfunksjon 043 Kyrkjegard.

Vedtak:

Soknerådet vedtek at konsulentstillinga vert utvida til 80% stilling snarast råd. Stillinga vert finansiert av rekneskapsfunksjon 043 Kyrkjegard.

Samrøysta vedtak.

Sak 008/16 Framlegg til høyringssvar

Forslag til vedtak:

Høyringssvaret til intensjonsavtale om kommunesamanslåing frå Meland sokneråd vert vedteken som det ligg føre.

Møtebehandling:

Nytt framlegg til vedtak i møtet: Høyringssvaret blir lagt ut som dokument til felles redigering. AU får fullmakt til å vedta høyringssvaret før innsending.

Vedtak:

Høyringssvaret blir lagt ut som dokument til felles redigering. AU får fullmakt til å vedta høyringssvaret før innsending.

Samrøysta vedtak.

For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje